

PONCHO

Eit strikkemønster laga av Reidun Trønnes for Leine Merino

GARN: Leine Merino 2 -tråds, ca. 250 gram.

PINNER: rundpinne nr. 6.

MØNSTER: rettmasker på alle omganger (= rillestrikk).

Legg opp 3 m på pinne nr. 6. Strikk 2 m rett, 1 kast, 1m rett. Snu, strikk rett til det er ei maske att på omgangen, 1 kast, strikk siste maske. Snu, fortset med å auke slik ved å lage kast før siste maske på kvar omgang, til du tykkjer lengda på ponchoen er passe, for eksempel til du har 160 masker, og arbeidet har 80 riller i høgda. Fell laust av alle maskene. Nå har du strikka halve ponchoen, som eit sjal, men så skal du strikke eit tilsvarande stykke. Når dette er gjort, syr du delane saman frå ermspissane opp mot halsen. Lag halsopning over ca. dei 30 midterste maskene på både stykka (= 60 m). Halsopninga kan berre vere slik enkel, eller du kan plukke opp dei avfelte maskene med ein tynnare pinne (for eksempel pinne nr. 4,5), strikk så høg hals som du vil ha, hugs eventuelt å felle laust av halsmaskene.

Langs kanten på ponchoen er ein holkant . I desse hola er det plass å tre i frynser, dersom du ynskjer å ha det. Tuppen i frynsene blir penast om du riv tråden, i staden for å klyppe. Riv ca.18 - 20 cm lange frynser av to trådar i kvart av hola langs kanten.



Leine Merino